

Referat frå møte Koordineringsrådet

Møtetid: 27.november 2019 kl. 10.00 – 14.30

Stad: Svelgen omsorgssenter

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord	x
Arve Varden	Administrerande direktør	Helse Førde	x
Børge Tvedt	Klinikkdirktør PHV	Helse Førde HF	
Arne Johansen	Rådmann	Lærdal kommune/ Sogn	x
Lars Bogstad	Fungerande rådmann	Lærdal kommune/ Sogn	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Samhandlingssjef/ stadleg leiar	Helse Førde HF	
Olav Hesjedal	Klinikkdirktør MED	Helse Førde HF	x
Tom Guldhav	Klinikkdirktør KIR	Helse Førde HF	
Håkon Loftheim	Rådmann	Askvoll kommune/ HAFS	x
Erik Askeland	Rådmann	Solund kommune	
Trine Vingsnes	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagrådet	x
Robert Brennersted	Avdelingssjef KIR	Helse Førde HF	
Margun Thue	Stadleg leiar LSH	Helse Førde HF	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator	
Audun Nedrebø	Leiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Lisbeth Johnsen	Nestleiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Tone Holvik	Samhandlingssjef	Helse Førde	
Observatørar:			
Linda Svori	Assisterande fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	x
Sjur Lehmann	Assisterande fylkeslege spesialisthelsetenesta	Fylkesmannen Vestland	x
Clara Øberg	Direktør for tannhelsetenesta	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	x
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane	Deltok på video

Sak nr.	Referat:
V-45/19	Direktør PHV Børge Tvedt ønska velkommen til ny periode i koordineringsrådet. Presentasjonsrunde og godkjenning av innkalling og sakliste. Framlegg om at sak 59/19 vert utsett.
V-46/19	Godkjenning av referat frå sist møte 24. september. Referatet var godkjend.
O-50/19	Leiar USHT Sogn og Fjordane Marta Strandos orienterte om samarbeidet mellom USHT og HFD i høve til forbettingsutdanning for helsepersonell. Sjå eigen presentasjon. Malen for utdanninga er henta frå Helse Vest. Strandos syner til verdien av forankring på leiarnivå for å lukkast i arbeidet – og oppfordrar koordineringsrådet til å prioritere forbettingsutdanninga, og at medlemmane tek informasjonen attende til sine ansvarsområder. Om alt går etter planen vert det oppstart med «ein pilot» allereie neste år. Koordineringsrådet er svært positive til planane, og støttar planane.
O-48/19	Statusrapport frå fagnettverket eldremedisin/eldreomsorg vart presentert av Greta Gard Endal & Marta Strandos. Nettverket har vore i drift i 3 år, og skal «evaluerast» i Koordineringsrådet i tråd med ordlyd i gjeldande delavtale. Sjå eigen presentasjon. Endal og Strandos stiller spørsmål

	om korleis sikre best mogeleg oppslutnad om fagnettverksdagane og få framdrift i forbetningsarbeidet? Dei oppfordrar medlemmane av rådet til å spreie informasjonen. Plan for to nye fagdagar i 2020 der tema er demens. Koordineringsrådet takka for presentasjonen og ynskte lukke til med eit viktig arbeid.				
V-49/19	Til å presentere status og vegen vidare for Samhandlingsbarometeret, deltok Emma Bjørnson på video. Ho informerte mellom anna om eit forslag til samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde/Helse Vest og kommunane. Samarbeid vil handle om <ul style="list-style-type: none"> ▪ Henting og publisering av helsedata ▪ Analyse og faglege utgreiingar ▪ Formidling ▪ Støtte til kommunane ▪ Kontakt med forskrarar, studentar og fagmiljø Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje hatt ressursar til å følgje opp. Det er svært usikkert om/korleis Vestland fylkeskommune vil/kan gå vidare med samarbeidet, noko som vert avklara 13. desember i år. Koordineringsrådet signaliserer at det vert spennande å følgje vegen vidare...				
V-47/19	Koordineringsrådet vedtok forslag til budsjett 2020 for Felles Brukarutval i Sogn og Fjordane. Etter framlegg frå møteleiar vart det utan justering for 2020-kroner slik saksutgreiinga syntes.				
O-52/19	Prosjektdirektør Kjell Inge Solhaug presenterte plan for Nye Førde sjukehus. Han starta med historikk og ramme for utvikling av prosjektet, og synleggjorde framdriftsplan gjennom ord og bilde. Sjå eigen presentasjon.				
V-53/19	Samarbeidspartar i Sogn og Fjordane er i endring. Frode Kyrkjebø presenterte status i KS Vestland. Sjå eigen presentasjon. Dagens rådmannsutval vert erstatta med kommunedirektørutval, og det vart stilt spørsmål om kor ein i framtida kan få forankring av saker som tidlegare var i vårt rådmannsutval? Kan det nye Helsefellesskapet vere eit svar på dette? <u>Viktig bodskap frå koordineringsrådet</u> ; samhandlingsplattforma mellom HFD og kommunane er viktig, og må prioriterast! Tankegods - Kven eig dei pågående prosessane no? Kva kan koordineringsrådet bidra med? Sjå på nasjonal sjukehusplan til neste møte! Samhandlingskonferansen 2020 – viktig arena!				
O-51/19	Elin Sørbotten orienterte om kvalitetsreforma for kommunane «Leve hele livet» Sjå eigen presentasjon.				
O-54/19	Samhandlingskonferansen er underplanlegging som lunch-til-lunch-samling i april 2020. Konferansen må optimaliserast som eit samhandlingsmøtepunkt for leiarar. Framlegg til tema; Nasjonal helse og sjukehusplan – Helsefellesskapet – Kor er kommunane og HFD i dette arbeidet? Oppdragsdokumentet til Helse Vest skisserer felles leiarutdanning – kanskje det bør gjerast ein utsjekk opp mot forbetningsutdanninga som no vert halden i kommunane. Rådmann i Lærdal er på flyttefot, og det må oppnemnast medlem av arrangementskomiteen. Koordineringsrådet ber om at komiteen for neste års samhandlingskonferanse vert oppnemd umiddelbart, slik at arbeidet med konferansen kan starte.				
V-55/19	Koordineringsrådet vedtok møteplan for kalenderåret 2020 med følgjande datoar og lokasjonar; <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="padding: 2px;">Onsdag 4.mars Førde</td> <td style="padding: 2px;">Fredag 15.mai Lærdal</td> <td style="padding: 2px;">Onsdag 30.september Eid</td> <td style="padding: 2px;">Torsdag 3.desember Førde</td> </tr> </table>	Onsdag 4.mars Førde	Fredag 15.mai Lærdal	Onsdag 30.september Eid	Torsdag 3.desember Førde
Onsdag 4.mars Førde	Fredag 15.mai Lærdal	Onsdag 30.september Eid	Torsdag 3.desember Førde		
V-56/19	Jan Helge Dale informerte om innhaldet i nasjonalt prosjekt i forhold til primærhelseteam og oppfølgingsteam. Han orienterte om tilnærminga som har vore nytta ved Sunnfjord medisinske senter. Sjå eigen presentasjon.				
V-57/19	Elin Sørbotten innleia om det er aktuelt med eigen erfaringskonferanse for tilsette i PHV, og syntet til dialog i kommunane der det kjem fram ynskje om å arrangere erfaringskonferanse særskild for denne målgruppa. Koordineringsrådet signaliserer støtte til å ha eigen konferanse første året, men at det på sikt bør vere mål om ein felles konferanse for somatikk og psykisk helsevern. Samhandlingssjef og –koordinator tek med seg signala frå møtet, og førebur saka til				

	seinare møte.
O-58/19	Elin Sørbotten presenterte sak om revidering av delavtale mellom HFD og kommunane. Samarbeid om LIS1 og turnusteneste for legar er begge aktuelle for revidering – arbeidet vert starta opp.
O-59/19	Samarbeid med kommunane om FoU vert utsett til seinare...